



KVINNHERAD
K O M M U N E

Rapport etter melding om forureining ved øya Sild

Det vert oppsummert i rapporten hendingar og tiltak etter melding om isopor som flaut i sjøen ved øya Sild utanfor Varaldsøy den 05.07.24. Brann og redning har observert at forureininga stammer frå ei flytebrygge med merd ringer som har slitt seg. Det var isopor på land og inne i bukta der flytebrygga ligg. Skadevolder har tatt på seg ansvaret og ryddet opp i isoporen som var observert.

Thomas Hallquist var innsatsleiar og Are Blokhus var i dette tilfellet utrykningsleiar.

IL = Innsatsleiar

UL = Utrykningsleiar

KD = Kommunedirektør



05.07.24:

IL brann får telefon frå fungerande KD Gunn T. Petterteig om mengder med isopor som rek mellom Varaldsøy og Sild. Dette etter tips og bileter ho har motteke. Det er eit ynskje frå fungerande KD at

brannvesenet aksjonerer på dette. IL brann sender 2 mann frå hovudstasjonen med båt for å sjå omfang og kva eventuelle moglege tiltak det er å gjøre for oss.

Båtmannskap lokaliserer og sender bilete av lekter dei meiner det stammer ifrå. Denne er slitt i eine fortøyninga og går derfor i oppløysing. Dette er ein lekter med betongdekke, men det er mykje isopor under lekter samt i innhegningsringane med isopor som delvis har opna seg. Dei melder at forsøplinga er i hovudsak rekt på land ved Sild og noe er framleis i bukta der lekter/flytebrygge ligg.

UL tar kontakt med 110 sentralen og det vert oppretta «hendelse» i 110 sentral. Dette hovudsakleg for dokumentasjon.

IL brann ringer litt rundt for å prøve å nøste opp i eigar av lekter. Underteikna finn fort ut at det er Ole Skjelnes sin eigedom den er forankra ved og vil være ansvarleg for forsøpling.

Eg ringer deretter skadevolder og forklarar han kva som er hendt og kva tiltak me ynskjer å gjera. Tiltaket vårt ville vært å sett lenser rundt lekter og fakturert eigar for materiell og timar for mannskap. Ole forklarar då at han ynskjer ikkje ta ansvar for lekteren og hevder det er ein annan eigar av lekteren. Han påstår han berre hadde gitt lov til eigar av lekter å forankre den i bukta hans.

IL brann drøfter deretter saka med Torgeir Fosse på lensmannskontoret og det er ikkje direkte ei sak for politiet så me vert einig om at IL brann følg opp med Ole for å komme til bunns i kven som er rettmessig eigar.

Ved neste kontakt med Ole Skjelnes opplyser han om at han avstår tilbod om bistand frå brannvesenet grunna fakturering og at han tek ansvar for forsøplinga og vil gå i gong med opprydning og fortøyng av lekter på nytt. Det er noko skadevolder i forureinings sakar har full moglegheit til.

IL brann melder deretter inn til 110 sentral kva status er og at skadevolder har tatt på seg ansvar. Dette vil og bli loggført i hendelsesrapporten til 110 sentral. Rapporten frå 110 vil og rutinemessig verta vidaresendt til kystverket ved hendingar på sjø. Dei har ikkje komme med noko innspel på oppdraget og det er ei heller noko større biter observert som vil vera av fare for båttrafikken.

Sjølv om Ole har tatt på seg ansvar for forsøplinga vil han framleis ikkje ut med kven som er rettmessig eigar, men det er ikkje relevant all den tid han har tatt på seg ansvar og forsøplinga ligg på hans eigedom.

IL brann kalla då tilbake mannskapane i båten.

08.07.24:

Sigbjørn Øye som er fungerande KD denne veka ynskjer at brannvesenet tar ein tur i slutten av veka for å sjå om skadevolder har tatt ansvar og rydda opp i forsøplinga. IL brann avtaler med Are Blokhuis at han tar seg ein ny runde og ser kva tiltak som er gjort i området torsdag 11.07.24.

11.07.24:

Anbjørn Høyvik ringer for å fortelje han har vært i kontakt med Ole Skjelnes ang. flytebryggen. Ole seier han har ryddet opp i forsøplinga og at flytebryggen skal fjernes ila. sommaren.

UL under hendinga har og akkurat levert nokre bileter som viser at det er rydda opp i noko, men ikkje heilt tilfredstillande pr.11.07. Det ligg framleis ein del på baksida av merd ring og på land. Sjølv flytebrygga ligg å gneg og løsner på isopor betar enda slik UL kunne sjå det.

Ikkje meir brannvesenet kan gjere i saka, men miljøretta helsevern vil sjå om dei kan følgja det opp og kva midler dei kan nytta mot eigar.







Thomas Hallquist

Konst. Avd.leiar førebyggande